

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
115/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

### **Søknad til Næringsfondet 2021. Hogne Straume - Soknad om tilskot til kanalisering**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Søknad om tilskot til kanalisering* blir tildelt kr 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Utval for næringsutvikling og drift 10.11.2021:**

##### **Handsaming:**

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

*Prosjektet Søknad om tilskot til kanalisering blir tildelt kr 90 000 frå næringsfondet i Alver kommune.*

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster.

Utvalsleiaren sitt framlegg fekk 7 røyster og vart samrøystes vedteke.

##### **ND- 115/21 Vedtak:**

*Prosjektet Søknad om tilskot til kanalisering blir tildelt kr 90 000 frå næringsfondet i Alver kommune.*

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

##### **Bakgrunn**

Hogne Jarle Straume er eit einpersoneforetak. Bransje: 01.410 Melkeproduksjon på storfe. Registrert 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

##### **Saksopplysningar:**

Søkjjar skriv at lågare grunnvassnivå vil gje eit djupare rotsystem til plantane, noko som og gjer dei meir tørkesterke.

I jordbruket finst det ikkje tilskot til kanalisering. Berre til oppattgrøfting av drenggrøftane. Søkjjar skriv at kanalisering som dette vil vere kostnads- og arbeidsintensivt.

##### **Om prosjektet**

Prosjektet går ut på oppgraving av eksisterande kanal, senking og bortsprenging av bergtersklar og lukka delar av kanalen med røyr. Ein vil senka grunnvassnivå på allerede dyrka areal og areal som skal dyrkast. Kanalen er ein del av dreneringssystemet på den største teigen på garden. Når søkjjar vert ferdig med og dyrka resten av myra i løpet av nokre år, vil det vere ein samanhengande teig med 120 daa. engareal. Det trengst lågare utløp enn som er naturleg for å få senka grunnvatnet tilstrekkeleg, og for å få leia vatnet bort på ein effektiv måte. I prosjektet inngår det kostnader til blant anna skyting, gravemaskinsarbeid, rør og grus. Søkjjar skriv at tilskot er særskild viktig for at prosjektet skal verta gjennomført og for å sikra grunnlaget for garden vidare med auka grovfôrproduksjon.

##### **Prosjektleveranse/Målsetting**

Prosjektet vil gje djupare utløp for dreneringsvatnet for heile arealet som ligg oppanfor desse tersklane. Det vil forbetra arronderinga for hausting av arealet ved at det vert lettare framkommeleg ved hausting, der kanalen vert lukka. Tiltaket kjem og til å gje høve til djupare grøfter og betre utløp for framtidig oppdyrking.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Soknad om tilskot til kanalisering	500 000	250 000	40 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst til eksisterande verksemder og berekraftig utvikling.

**Vedlegg i saken:**

03.11.2021 Hogne Straume, søknadsskjema

1635606